



Statsforvalteren i Vestland  
Statens hus, Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Deres ref  
2023/5544

Vår ref  
24/3088-3

Dato  
23. januar 2024

## **Vedtak i klagesak - Bremanger kommune - Stenging av klatresti**

Departementet viser til oversending av klagesak fra Statsforvaltaren i Vestland i brev 13.08.2024.

### **Vedtak**

**Kommunal- og distriktsdepartementet opprettheld Statsforvaltaren i Vestland sitt vedtak 01.07.2024. Klagen har ikkje ført fram.**

### **Bakgrunn for saka**

Saka gjeld Statsforvaltaren sitt vedtak 01.07.2024, der Bremanger formannskap sitt vedtak 11.04.2024 blei omgjort i medhald av forvaltningslova (fvL.) § 35. Statsforvaltaren sitt vedtak inneber avslag på søknad frå Hornelen Via Ferrata AS om mellombels stenging av klatrestiane/via ferrata-anlegg ved fjellet Hornelen. Statsforvaltaren sitt omgjeringsvedtak inneber altså at søknaden som Bremanger formannskap hadde innvilga, vart avslått. Vedtaket er påklaga av Hornelen Via Ferrata AS 10.07.2024 og Bremanger Eigedom AS 19.07.2024. Statsforvaltaren tok ikkje klagene til følgje og sende saka til departementet i brev 13.08.2024.

Klaga frå Bremanger Eigedom AS er grunna i bekymring for risikoen for uønskte hendingar, både for dei som nyttar klatrestien utan guide, og for dei som klatrar med guide. I klagan frå Hornelen Via Ferrata AS vert det vist til grunngjevinga i søknaden om å stenge klatrestien for allmenn ferdsel. I søknaden er det beskrive korleis ein ser for seg å stenge løypa ved å sette opp fysisk sperring som gjer det vanskeleg for folk å kome forbi og som gjer det tydeleg at ein held på med noko ulovleg. Opphavleg søknad var grunngjeven i forhold knytt til tryggleik, ulukkesberedskap og merkevarer.

Postadresse  
Postboks 8112 Dep  
0032 Oslo  
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
[www.kdd.dep.no](http://www.kdd.dep.no)

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
972 417 858

Avdeling  
Planavdelingen

Saksbehandler  
Jacob Andreas  
Søreide  
22 24 70 35

Tidlegare søknad om dispensasjon for mellombels stenging av klatresti blei innvilga av Bremanger kommune 08.06.2023. Etter klage frå mellom anna Statsforvaltaren i Vestland, oppheva Statsforvaltaren i Rogaland som settestatsforvaltar dispensasjon i vedtak 19.03.2024.

### **Departementets vurdering**

Departementet legg til grunn at Statsforvaltaren sitt vedtak kan klagast på etter forvaltningslova (fvl.) § 28 første ledd, og at klagen er rettidig fremja, jf. fvl. § 29

Saka gjeld, som nemnt ovanfor, Statsforvaltarens vedtak 01.07.2024, som inneber avslag på søknad om mellombels stenging av klatrestiane/via ferrata-anlegget ved fjellet Hornelen.

I kommuneplanen for Bremanger, vedteken 15.10.2024, er området sett av til LNF-formål. Planen er vedteken i etterkant av Statsforvaltaren sitt vedtak. På tidspunktet for Statsforvaltaren sitt vedtak var den tidlegare kommuneplanen, vedteken 27.04.2004, gjeldande.

Området er omfatta av detaljregulering Via Ferrata, Hornelen, vedtekne 20.12.2018 og revidert 20.02.2019. Store deler av planområdet er regulert til «LNFR formål kombinert med andre angitte hovudformål» - F/LNF og F/VF/LNF. I planføresegna pkt. 6.1.3 heiter det at «[o]mråde F/LNF er friluftsområde kombinert med LNF-formål». I planføresegna 6.3.2 heiter det at «[o]mråde F/VF/LNF er friluftsområde kombinert med LNF-formål. I område kan det tilretteleggast for etablering av Via Ferrata anlegg med tilhøyrande turstiar».

Departementet bemerkar at VF – Via ferrata ikkje er eit hovudformål etter lova, eller eit underformål som er lista opp i kart- og planforskrifta vedlegg I. Forskrifta § 9 fjerde ledd fyste setning slår fast at «[a]realplan skal angi arealformål, hensynssoner, og bestemmelser i form av linjer og punkt slik de framgår av vedlegg I til denne forskriften».

Utgangspunktet er at tiltakshavar har rett på løyve dersom søknaden er i samsvar med føresegner gjevne i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 21-4 første ledd. Om søknaden er i strid med føresegner gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, skal den avslåast, med mindre det er søkt om og gitt dispensasjon.

Statsforvaltaren vurderte i sitt vedtak at søknaden om mellombels stenging vil vere i strid med pbl. § 30-5, ved at tiltaket vil vere til vesentleg ulempe for gjennomføring av friluftsformålet i gjeldande reguleringsplan.

Bremanger Eigedom AS uttrykkjer i si klage at dei som anleggseigar er uroa for risikoene for uønskte hendingar, både for dei som nyttar klatrestien utan guide og for dei som klatrar med guide. Dei peikar på at klatrestien er krevjande og utsett for vær og vind, og at gjennomføring av eventuelle redningsaksjonar vil vere svært krevjande. Vidare vert det peika på den faktiske bruken av området utover aktivitetane i klatrestien, og det vert hevdat ein har

vanskar med å sjå at enkle stengsel ved inngangane til sjølve klatrestien vil hindre allmenn ferdsel og friluftsliv generelt i området.

Hornelen Via Ferrata AS skriv i si klage at grunnlaget for klaga er dei same argumenta som er nytta i grunngjevinga for kvifor dei meiner ein bør stenge traseen for allmenn ferdsel. Vi forstår det slik at det er eit ønske om å unngå uheldige hendingar det visast til.

Det er snakk om eit mellombels tiltak som etter søknaden skal stå fram til 01.04.2026, altså under to år. Departementet har tidlegare lagt til grunn at reguleringsplanar ikkje har bindande verknad for tiltak som skal plasserast inntil 2 år, med mindre planen uttrykkeleg bestemmer det, jf. Ot.prp. nr. 45 (2007-2008) pkt. 6.5.8. Sjå også PLANJUSS-2012-1-29 og TUDEP-2014-1269-3.

Tiltaket skal vurderast etter Pbl. § 30-5 som lyder som følgjer:

«Midlertidige bygninger, konstruksjoner eller anlegg, jf. § 20-1 første ledd bokstav j, må ikke plasseres slik at de hindrer allmenn ferdsel eller friluftsliv, eller på annen måte fører til vesentlig ulempe for omgivelsene (...).»

Føresegna er ei vidareføring av ulempevurderinga i tidlegare lov § 85 og set materielle rammer for mellombelse bygningar, konstruksjonar og anlegg.

Departementet er einig med Statsforvaltaren i at tiltaket er i strid med pbl. § 30-5. Føremålet med tiltaket er å hindre allmenta sin tilgang til klatrestien av mellom anna tryggleiksmessige grunnar. Å hindre tilgang til området utan guide inneber at tiltaket hindrar allmenn ferdsel og friluftsliv. I rundskriv H-2005-09 okt. 3.2, som omhandlar tidlegare lov § 85, blir det spesielt nemnt blokkering av ferdsel og beslaglegging av areal som skal vere opne for alle, til dømes badeplassar eller andre friområde. Det kan og nemnast at planomtalen gir uttrykk for at hensikta med reguleringsplanen har vore at anlegget skal vere ope for allmenta, sjå blant anna pkt. 7.3.

Dersom ein ikkje ønskjer at området skal vere ope for allmenta, bør dette fortrinnsvis avklarast gjennom planendring. Eit ynske om reguleringsendring kan til dømes vere grunngjeve i tryggleiksgrunnar, eller at kommunen av andre grunnar ser det som uhøveleg med eit ope anlegg.

Statsforvaltaren sitt vedtak er fatta i medhald av fvl. § 35 om omgjering utan klage. Det aktuelle vilkåret som må vere oppfylt etter føresegna sitt første ledd er at kommunen sitt vedtak er "ugyldig". Departementet sluttar seg til Statsforvaltaren si vurdering om at kommunen sitt vedtak er ugyldig med tilvising til at tiltaket er i strid med pbl. § 30-5 og at det ikkje kan godkjennast utan eventuell dispensasjon. Slik vi forstår Statsforvaltaren sitt vedtak punkt 3.2, vert det lagt til grunn at det førelåg ei plikt til å gjere om kommunen sitt vedtak. Innhaldsmessig feil ved eit vedtak som har tyding for resultatet, talar klart for omgjering.

Departementet kan ikkje sjå at omsyn til innretting eller anna talar imot omgjering.  
Departementet opprettheld etter dette Statsforvaltaren sitt vedtak.

Statsforvaltaren uttalar seg kritisk til ein eventuell dispensasjon frå pbl. § 30-5.  
Departementet tek ikkje stilling til spørsmålet om eventuell dispensasjon her, som vi antar at det kan vere aktuelt å søka om i påvente av ei eventuell reguleringssendring. I ei dispensasjonsvurdering vil blant anna omsynet til etterleving av vedtekne planar, allmennheita si tilgang til friluftsområde, samt omsynet til liv og helse, vere relevante moment.

Klaga har etter dette ikkje ført fram.

Departementet sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. fvl. § 28 tredje ledd første setning.

Med hilsen

Hilde Olea Simonsen (e.f.)  
avdelingsdirektør

Jacob Andreas Søreide  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*